



Postboks 9161 Grønland, 0134 Oslo
Telefon 22 47 71 60 / 942 51 212
E-post: post@kringkastingsringen.no
Nettstad: www.kringkastingsringen.no
Bank: 8101 34 42517
Org.nr. NO 940 630 975

Kulturdepartementet
Pb. 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:
14/409 M3 HHO:elt

Dato:
21.08.2014

HØYRINGSFRÅSEGN – NRK-plakaten

Kulturdepartementet planlegg ny melding om NRK for Stortinget i 2015. I samband med dette blei NRK-plakaten sendt ut på høyring 6 juni i år.

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, norske dialektar og samisk språk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media.

I dette høyringssvaret vil vi primært fokusere på kva rolle vi meiner språket skal ha i NRK, spesielt med omsyn til nynorsk og dialektar, og kva rolle NRK skal ha i formidling av språket.

NRK si rolle

I høyringsbrevet står det at NRK er ein garantist for eit rikt og språkleg tilbod av høg kvalitet på radio, fjernsyn, nett og mobil. Vi stiller strenge krav til NRK som norskspråkleg medieaktør. I NRK-plakaten er det stadfesta viktige språkpolitiske prinsipp og målsettingar som det er viktig å vidareføre og byggje vidare på også i framtida. Eit av desse prinsippa er representasjon av begge målformene i media. Alle som bur i Noreg, uavhengig av om hovudmålet er nynorsk eller bokmål, har ein rett til å lese, sjå og høyre språket sitt i allmennkringkastinga. Dette er spesielt viktig for dei som har nynorsk som hovudmål, fordi nynorsk er det minste av dei to skriftspråka og det skriftspråket som i dag har dårlegast representasjon både i media og i samfunnet elles. Ein nynorskbrukar har like stort behov for å sjå og høyre språket sitt i bruk, som ein bokmålsbrukar. Ei einsretting av språk i media fører vanlegvis til ei einsretting blant folk elles også. Difor er det viktig at kravet om 25 prosent nynorsk held fram.

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, norske dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i norsk allmennkringkasting og media elles.

NRK har endra seg mykje dei siste åra. I dag er NRK tilgjengeleg på fleire plattformer enn tidlegare, både fjernsyn, radio, internett og mobil. Folk nyttar media annleis enn for berre få år sidan, der blant anna internett har blitt eit supplement for meir informasjon til saker som vert formidla i radio og fjernsyn. For mange har også internett blitt primærkjelda til informasjon og underholdning. Mediemarknaden er digitalisert, og NRK.no konkurrerer både med nasjonale og internasjonale medieaktørar. I motsetning til andre kommersielle aktørar, har NRK eit særskilt ansvar for å fremje norsk språk og kultur. Om ein skal lukkast med å nå desse mediepoltiske måla, er det viktig at NRK held fram med å vere eit multimedie selskap som held følge med den digitale utviklinga og er open for å ekspandere tilbodet sitt i tråd med utviklinga elles. Likevel ynskjer vi å presisere at denne raske utviklinga ikkje må gå ut over omsynet til språket. Det er avgjerande at den statlege allmennkringkastinga tek desse omsyna. NRK si vêrteneste yr.no er eit døme på at ein kan satse på nye medium samtidig som ein kan nå språkpolitiske mål. Yr.no blei først utvikla på nynorsk, og er blant Noregs største og mest brukte tenester. Språket er ikkje eit hinder når nytteverdien er høg.

Nynorsk

Nynorsk og bokmål er begge offisielle skriftspråk i Noreg, og NRK som statleg institusjon har eit ansvar for bruk og spreining av begge. I paragraf 14 d i NRK-plakaten står det: *”NRKs tilbud skal i hovudsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk”*. Sjølv om den gjennomsnittlege prosentdelen av nynorskbruk har stige dei siste åra, ligg ein framleis under minstekravet. Det er også stor variasjon mellom dei ulike tilboda NRK har som allmennkringkastar. Nynorskprosenten på NRK.no har til dømes holdt seg stabilt på om lag 16 prosent dei siste åra. Om det ikkje hadde vore for distriktskontoret i Sogn og Fjordane, som berre nyttar nynorsk på si nettside, hadde statistikken vore enno lågare. Kravet om 25 prosent nynorsk må gjelde for alle NRK sine tenester, også NRK.no. Ein kan også sjå at det er store variasjonar mellom distriktskontora på kor mykje nynorsk som vert nytta på nettsidene. Til dømes viser målbrukarstatistikken for NRK.no at NRK Rogaland har gått ned frå 28 prosent til 16 prosent nynorsk, medan NRK Hordaland har gått opp frå 22 prosent til 44 prosent nynorsk. Distriktskontora er svært sårbare og utsett når nynorskjournalistar sluttar eller blir sett til å drive med andre oppgåver. Om ein skal nå målet om 25 prosent nynorsk på NRK.no, må ein halde fram med å satse på nynorskpraktikantar og andre som kan nytte begge målformene i alle av NRK sine avdelingar.

Sidan 2004 har Nynorsk mediesenter utdanna 100 nynorskjournalistar. Mange av desse kan ein finne att i ulike avdelingar i NRK, både lokalt og nasjonalt. Om ein skal klare å rekruttere fleire journalistar som nyttar nynorsk i sitt arbeid, er det viktig at denne satsinga held fram. Praktikantane må også bli prioriterte for stillingar i NRK som dei er fullt kvalifiserte for.

NRK Super er blant dei avdelingane som verkeleg har teke språkarbeid på alvor. Mellom anna er fleire av NRK Super sine mest populære seriar produsert av distriktskontor utanfor Oslo. I tillegg har dei nyhende tilpassa born og ulike underhaldingsprogram på nynorsk og ulike dialektar. Når born høyrer

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, norske dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i norsk allmennkringkasting og media elles.

nynorsk og dialekt medan dei er små, vert dei kjend med språk- og dialektmangfaldet i Noreg. Her ligg eit stort pedagogisk ansvar i å vere med på å introdusere og lære born begge målformene og ulike dialektar som vi har i landet vårt. Denne satsinga er viktig for born si språkforståing og språkutvikling. NRK Super er eit godt døme på at det er mogleg å oppfylle nynorskkravet i alle kanalar og avdelingar, om ein går inn for det.

Kringkastingsringen meiner at NRK også skal nytte normert tale i sine sendingar. Spesielt der språket er manusbundne eller liknande. Korkje nynorsk eller bokmål aleine kan fullt ut gi ei skriftfesting av ei dialekt. Dette er spesielt ei utfordring for nynorsk som er ein samnemnar for fleire dialektar i landet. Nynorsk normert tale i fjernsyn og radio vil gjere nynorsken meir synleg, og er viktig for innlæringa av skriftspråket.

Dialektar

I 2007 vedtok NRK nye språkreglar som opna for meir bruk av dialekt. NRK har eit særskilt ansvar for å ta vare på språkmangfaldet og dialektane i Noreg. Ein kan trekkje fram mange grunnar til at det er viktig at dialektar får stort spelerom i kringkastinga. Blant anna har det å kunne tileigne seg informasjon på ei nærliggande dialekt stor tyding både for barn og vaksne. Dialektar handlar også om identitet og fellesskap, og det ligg sterke kjensler knytt til ein person si dialekt. NRK serien *Dialektriket* er eit godt døme på kor viktig dialektane er for kvar einskilt, men serien viser også kva fordommar som kan vere knytt opp mot ulike dialektar. Kringkastingsringen meiner det å ta vare på språkmangfaldet og språk som ein viktig del av norsk kultur er ei svært viktig oppgåve for NRK. Om ein skal lukkast med å ta vare på dialektane må dette satsast på både nasjonalt og lokalt. Distriktskontora har ei unik moglegheit i sine lokale produksjonar til å fremje det lokale språket og dei lokale uttrykka vidare. I distriktssendingane må dialektar få stort spelerom. Samtidig må ikkje denne satsinga bli ei "sovepute" for dei nasjonale avdelingane. For å ta vare på det språklege mangfaldet må ulike dialektar også vere representert på eit nasjonalt nivå. NRK må halde fram med å oppmode og legge til rette for bruk av dialektar i alle avdelingar.

Våre innspel:

- NRK skal ha klare mål for nynorsk i sendingane sine. Kravet om minst 25 prosent nynorsk skal gjelde for alle kanalar og avdelingar i NRK.
- NRK skal ha eit godt lokalt tilbod og produsere saker lokalt.
- NRK skal sikre gode vilkår for Nynorsk mediesenter.
- NRK skal løfte fram normert nynorsk tale og dialektar.
- NRK skal framleis lage produksjonar på samisk.

Med helsing
Kringkastingsringen

Karoline Opsal Marøy
Dagleg leiar

Inger Størseth Haarr
Styreleiar